



STYRETS BERETNING FOR ÅRSMØTEPERIODEN 2024

Styret har bestått av:

leiar.	Berner Midthjell,	Vestland
Nestleiar/sekretær.	Bjørn Hoven	Trøndelag
Kasserer,	Randi Birkeland	Vestland
Styremedlem	Roy Kato Lorentsen	Nordland
Vara,	Olav Lien	Trøndelag

Det er i 2024 halde 4 styremøte, og behandla 34. saker. Styret har i tillegg kommunisert på mail og telefon ved behov.

Mesta pensjonistforening vil takke for det gode samarbeidet vi har med ledelsen i Mesta as.

Årsmøte for året 2023 vart halde i Mesta sine lokaler på Skøyen den 20.mars 24.

Pensjonistlaget sin tur måtte dessverre avlysast også dette året. Det blir for få som melder seg på til at reiseoperatøren finn det økonomisk forsvarleg å gjennomføre.
Vi prøver likevel med nye forslag i 2025.

Mesta pensjonistforening er kollektivt tilslutta Pensjonist forbundet, og krev inn den til kvar tid gjeldande kontingent. Mesta pensjonistforening har ikkje eigen kontingent.

Leiar i Mesta pensjonistforening er varamedlem til landsstyret i Pensjonist forbundet.



Mesta pensjonistforening støttar etter søknad lokale tiltak økonomisk, og nokon frå styret vil prøve å stille opp der det er ynskje om det. I 2024 fikk pensjonistane i Trondheim støtte til tur.

Styret jobbar aktivt for å verve nye medlemmer og jobbar med å opprette møteplassar der medlemmar kan møtast med mål om felles hygge og sosialt samvær.

Som medlem kan man nyte godt av innkjøpsavtalene som moderbedrifta har framforhandla. Oversikt på dette finn man på heimesida vår.

Som medlem i Mesta pensjonistforening kan man også melde seg inn i Mestaklubben. Der kan man få tilgang til 3 hytter som er plassert på Oppdal, Geilo og Kvifjell.





Våre medlemmer er kollektivt tilslutta Pensjonist forbundet gjennom å være medlem i Mesta pensjonist foreining. Dette er noko styret anbefaler, fordi den enkelte får eit billegare medlemskap. Hvis man vil engasjere seg også lokalt, betaler man den lokale kontingenenten i tillegg.

Dette er ein fordel for både for Mesta pensjonistforening, og våre medlemmer.

Alle som blir pensjonistar i Mesta as blir informert om Mesta pensjonistforening. Styret har i tillegg sendt invitasjon til mange pensjonistar med tilbod om medlemskap. Du finn informasjon om dette på heimesida til Mestapensjonist.no.

Ved utgangen av 2024 hadde Mesta pensjonistforening 175 medlemmer!

Styret takker alle som har bidratt med å gjøre det til ein hyggeleg oppleving å vere medlem i Mesta pensjonistforening, og at man ser fram mot gode opplevingar i det kommande året.

Mange har stort behov for, og glede av å kunne delta meir på sosiale arenaer. Håper 2025 kan bli eit slikt år der man kan bruke alle medlemsfordeler, og nyte det gode liv av å være medlem i Mesta pensjonistforening. 😊



Helsing styret i Mesta pensjonistforening:

Berner Midthjell, Bjørn Hoven, Roy Kato Lorentsen, Randi Birkeland og Olav Lien.